

VASSKRAFT I DAGALI I VIKINGTIDA?

«Vart det drive jernutvinning ved hjelp av vasskraft i Dagali for 1000 år sidan? Nye funn kan tyde på det. Reiar Aasberg frå Dagali og Per Bremnes frå Geilo, kom over ei rekkje fornminne då dei var i området etter Heinelva forrige helg. Det er tidlegare funne fleire spor frå yngre jernalder og mellomalderen i området ved Ossjøen. Mellom hustufter, graver og kol- og jernmiler, blir funnet av ei mogleg vassdriven jernmile rekna som mest interessant av Oldsakssamlinga.»

Utdrag av artikkel i Hallingdølen 1988